



Statens vegvesen

Radøy kommune
Radøyvegen 1690
5936 MANGER

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/innvalnsnr:
Ingelin Garen - 55516345

Vår referanse:
2014/025685-002

Dykkar referanse:
14/468 - 14/2084

Vår dato:
25.04.2014

Uttale til reguleringsplan - 12602014000200 - Svena fritidsbustader - Radøy kommune - offentlig ettersyn

Vi viser til Dykkar brev dagsett 03.03.2014 med uttalefrist 01.05.2014.

Planframlegget gjeld del av gnr. 17 bnr. 3 på Rossnes, Radøy kommune. Planframlegget inneheld 4 hytter, naust, naturområde, stier, molo og småbåtanlegg. Føremålet med planen er å leggje til rette for tomtar for fritidsbustad og tilhøyrande infrastruktur.

Statens vegvesen uttaler seg til reguleringsplanar med bakgrunn i rollene som

- Vegstyresmakt i riksvegsaker
- Vegadministrasjon for fylkeskommunen i fylkesvegsaker
- Statleg fagsyttesmakt med sektoransvar for samordna areal- og transportplanlegging, trafikktryggleik, kollektivtrafikk, tilrettelegging for sykkel og gange, universell utforming og miljøulempere knytt til veg- og vegtrafikk.

Statens vegvesen har følgjande merknader til planframlegget:

Uttale

Statens vegvesen har i tilknytning til oppstart av planarbeidet bedt om at planområdet vert utvida slik at det kan regulerast ei avkøyrsløse med tilstrekkeleg frisisikt i tråd med kravet i handbok 017. Fartsgrense på staden er 80 km/t men ut frå vegstandarden vurderer vi at fartsnivået ligg på kring 60 km/t. Vi vil såleis akseptere at dette fartsnivået vert lagt til grunn ved dimensjonering av avkøyrsløse til planområdet.

I framlegg til revidert plankart merker vi oss at planområdet er noko utvida, men den geometriske utforminga av avkøyrsløse frå Fv. 409 er ikkje i samsvar med handbok 017. Avkøyrsløse må ha ei vinkelrett påkopling til fylkesvegen og ha minimum 5 meter bredde. Frisisikt skal være 4 x 60 meter i begge retningar. Vi presiserer at dette er å betrakte som eit krav frå Statens vegvesen si side.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Telefon: 02030
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Spelhaugen 12
5147 FYLLINGSDALEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Båtsfjordveien 18
9815 VADSØ
Telefon: 78 94 15 50
Telefaks: 78 95 33 52

Av Radøy kommune sitt vedtak sak 009/14 går det mellom anna fram; «*Framlegg til reguleringsplan for Svena vert godkjent for offentleg høyring og ettersyn på vilkår om at følgjande vert endra:*

a. Veg til sjø skal ha maksimalt 1,5 meter breidde og skal fungere som gangveg...»

I og med at køyreveg til sjø no er teken ut av planforslaget legg Statens vegvesen til grunn at det ikkje skal køyrast bil med båt på tilhengar inn og ut av planområdet. Dette framstår likevel som uklårt då planen framleis viser småbåtanlegg og opptrekk. Dersom det er meint at ein skal kunne køyre med hengar/båt, må svingradius i avkøyrsla frå fylkesvegen være minimum 9 meter (18 meter i diameter). Ein må i så tilfelle også vurdere kvar eit større køyretøy (bil + hengar) skal kunne snu og parkere dersom parkeringsplassane i feltet er i bruk. Ut frå omsynet til trafikktryggleik bør ein unngå å leggje til rette for løysningar som krev rygging på internveg, eventuelt også ut i fylkesvegen.

For avkøyrslar på fylkesveg skal planen vise frisikt med tilhøyrande frisiktsoner (sikringsone frisikt jfr. plan- og bygningslova (PBL) § 11-8 a) med tal og symbol på plankartet. Frisiktsoner skal omtalast som omsynssone i føresegnene til planen, jfr. PBL § 12-6.

Vi rår til følgjande føresegn: «*I frisiktsoner skal det ikkje vere vegetasjon eller andre innretningar som hindrar fri sikt i samsvar med vegnormalane (handbok 017)*».

Også svingradius må markerast i plankart.

Statens vegvesen påpeiker for øvrig at framstillinga av plankartet er ikkje tråd med kartforskrifta. Dei enkelte punkta i føresegnene må knyttast opp mot dei ulike delformål i planen. Kvart reguleringsformål må knyttast opp mot ein heimelsparagraf.

Revidert framlegg til planføresegner er ikkje datert utover henvisninga til plankart, og dei framstår som uryddige. Rekkefølgekrev må samlast og komme tydelig fram av planføresegnene. Føresegnene må mellom anna setje krav om at det skal utarbeidast ein byggtknisk plan for tiltak i tilknytning til fylkesvegen. (overvasshandsaming og kryss). Planen skal godkjennast av Statens vegvesen før det vert gjeve byggjeløyve til slike tiltak.

Ordlyden i det som no er § 1 pkt. 1.2. i føresegnene må endrast frå «*Avkøyrslar til fylkesvegen og parkering må være opparbeidd før det vert gjeve bruksløyve på nye tiltak*» til ny ordlyd:

«Før det vert gjeve igangsettingsløyve til fritidsbustader utover grunn- og murarbeid, skal avkøyrslar frå fylkesveg 409 (o_KV1) vere opparbeidd med tilhøyrande frisiktsoner og avkøyrsla skal være teknisk godkjent av Statens vegvesen.»

Når det gjeld parkering og infrastruktur internt i feltet meiner Statens vegvesen at det er naturleg at dette vert knytt opp mot bruksløyve. Statens vegvesen rår til at følgjande ordlyd vert tatt inn som nytt punkt i føresegnene:

«Fritidsbustadane kan ikkje gjevast bruksløyve før felles tilkomstvegar, parkering og gangveg er ferdig opparbeidd.»

Vi imøteser eit revidert planframlegg som tek omsyn til merknadane våre.

Plan og forvaltning - Bergen
Med helsing

Sindre Lillebø

Sindre Lillebø
Seksjonsleiar

Ingelin Garen
Ingelin Garen

Kopi: Hordaland fylkeskommune, planseksjonen.
Fylkesmannen i Hordaland